

6 Barn, familie og helse

Eining barn, familie og helse yter tenester innan ramme 6. Eininga gir følgjande tenester til barn, unge og familiar: [legetenesta](#), [kvardagsrehabilitering](#), [fysio/ergo](#), [logoped](#), [psykisk helseteam barn og unge](#), [PPT](#), [barnevernteneste](#), [hjelpemiddellager](#), [helsestasjon](#), [jordmorteneste](#) og [skulehelseteneste](#), [tildelingskontoret](#), [flykntingtenesta](#) og [introduksjonsprogram](#).

Teneste	6 Barn, familie, helse - Kommunedirektøren sitt forslag	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
alle tal i heile 1 000							
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	101	132	105	105	105	105
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	1 193	2 123	1 302	1 302	1 302	1 302
2120	GRUNNSKOLE	2 588	1 360	2 565	2 565	2 565	2 565
2130	VAKSENOPPLÆRING	208	597	382	382	382	382
2320	FØREBYGGING HELSESTASJONS- OG SKULEHELSETENESTE	5 433	5 426	6 143	6 143	6 143	6 143
2330	FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	688	754	754	754	754	754
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	1 046	1 216	1 231	1 231	1 231	1 231
2410	DIAGNOSE OG BEHANDLING	12 335	11 813	13 301	13 301	13 301	13 301
2411	FYSIO-/ERGOTERAPITENESTE	4 435	4 386	4 617	4 617	4 617	4 617
2412	PSYKISK HELSEVERN	802	747	16	16	16	16
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	-109	-72	-72	-72	-72	-72
2421	FLYKTNINGKONTOR	1 082	1 082	1 092	1 092	1 092	1 092
2440	BARNEVERTENESTE	4 813	5 535		7 555	7 555	7 555
2510	BARNEVERTILTAK I FAMILIEN	3 420	1 705	2 443	2 443	2 443	2 443
2520	BARNEVERTILTAK UTANFOR FAMILIEN	4 200	5 658	6 120	6 120	6 120	6 120
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	3 129	2 570	2 514	2 514	2 514	2 514
2750	INTRODUKSJONSORDNINGA	2 803	3 140	2 800	2 800	2 800	2 800
Sum ramme 6 Barn, familie, helse		48 168	48 173	52 870	52 870	52 870	52 870

Oppvekstreforma/barnevernsreforma vert gjeldande frå 1.1.2022. Dei mest krevjande oppgåvene i reforma ligg til barnevernstenesta med nytt ansvar for institusjon og fosterheim, ut over det ligg reforma til heile organisasjonen å følgje opp. Det krev mellom anna tett samarbeid mellom ei rekke tenester. Kommunestatestikken viser at 28% av innbyggjarane i Giske kommune er mellom 0-20 år. Denne veksten påverker tenestene i eininga i særst stor grad. Tverrfagleg samarbeid er vektlagt. Det er framleis nasjonal satsing på helsestasjon, skulehelseteneste og jordmortenesta. Desse tenestene søker vi tilskot til frå stat for å styrkje bemanninga. Psykisk helse og rus er også ei nasjonal satsing. Her kan vi mellom anna søkje tilskot til utviklingsprosjekt. Vidare er satsing og fokus på kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi stor. Frå 2020 skal velferdsteknologi vere integrert i helse- og omsorgstenestene. Giske kommune har hatt stort fokus på dette sidan 2015 og har kome langt i arbeidet.

Giske kommune deltek i interkommunalt samarbeid og kjøper tenester hjå andre kommunar knytt til legevakt natt, barnevernvakt, kritesenter, overgrepsmottak og kjøp av tenester legesenter.

Årsak til auke frå budsjett frå 2021 til budsjett 2022 med kr 4,7 mill:

- Auke i utbetaling av basistilskot fastlegane og auke i kostnader kjøp av tenester med kr 1,5 mill. Basistilskotet vert delvis finansiert gjennom tilført midlar i ramma.
- Barnevernstenesta har ei auke med kr 3,2 mill. Giske kommune får tilført kr 2,8 mill for innføring av barnevernsreforma. Midlane vil ikkje kunne dekkje dei reelle kostnadane kommunen evt får til institusjonsplassering og arbeid knytt til

fosterheimsplassering. Dette vert ein økonomisk risiko for Giske kommune i 2022. Grunnlag for utrekning av midlane er basert på innbyggjartal og brutto driftsutgifter i tenesta frå tidlegare år. Kommunen har halde driftskostnadane lave grunna den økonomiske situasjonen, dette får konsekvensar for overføringane frå staten til oppvekstreforma. Sjå kostratal lenger nede i dokumentet.

Driftstiltak:

- Barnevernsreforma/oppvekstreforma: ei auke i budsjettet med kr 2,8 mill.
- Ikkje innleige ved sjukefråvær og halde stillingar vakant om drifta tillet det. Kutt kr 1 mill.
- Effektiviseringstiltak, justering innan ramma. Kutt kr 1,1 mill.

4.2 Utfordringsbilde

- Eininga har kutta i fleire tenester med til saman 7,13 årsverk frå 2019 til 2021. Utfordringa blir å klare å levere lovpålagde tenester med denne reduksjonen. Ytterlegare kutt vil føre til at vi må legge ned tilbod og oppgåvene må eventuelt overførast til andre tenester. Tilbodet til brukarane vil bli redusert og mange vil ikkje få tilbod om tenester. Andre tenester innan organisasjonen får konsekvens av kutt i eininga, til dømes omsorg og oppvekst.
- Rekruttering av tilsette med naudsynt kompetanse, som må kunne løyse stadig fleire oppgåver i mindre fagmiljø.
- Oppgåver som blir overført frå Helseføretaket til kommunalt nivå, gjer at vi må yte meir spesialiserte oppgåver. Vi må yte meir til fleire.
- Digitalisering og å ta i bruk dei verktøya vi allereide har. Erstatte individuell oppfølging med digitale hjelpemiddel.
- Fastlegeordninga er i endring og rekruttering av fastlegar kan vere ei utfordring. Basistilskot til fastlegane auka i 2021. Denne vert ikkje fullt ut finansiert frå staten. Kommunen får difor ein kostnad knytt til dette i 2022.
- Leverer lovpålagde tenester innan budsjettamma.
- Halde lovpålagde fristar i barnevernstenesta og PPT.
- Førebu arbeidet med å bygge opp naudsynte hjelpetiltak for å imøtekome krava i Barnevernsreforma som trer i kraft frå 2022.
- Nødvendige omstillingsprosessar skal gjennomførast med få leiarressursar. Omstillingsprosessar krev tett oppfølging og avdelingsleiarane må arbeide med omstilling og samstundes følgje opp brukarane

4.3 Tenesteområde

Tenesteområde	Tal brukarar 2019	Tal brukarar sep 2020	Tal brukarar sep 2021
PPT inkl. logoped	PPT 233, Logoped 113	PPT: 96 aktive saker, 62 nye henvisningar. Logoped: 100 brukarar	PPT: Tal brukarar 96, logoped: 7 brukarar
Helsestasjon og skulehelseteneste, inkl. jordmorteneste	Helsestasjon 2500, 78 jordmor (ventar 102 nyfødde i 2019)	Helsestasjon 2500, jordmor 100	Helsestasjon: 2500, jordmor : 120
Diagose og behandling	7 720	7790	7985
Frisklivssentral	20 (avslutta 1.7-19)	-	-
Fysio/ergo inkl. kvardagsrehabilitering og hjelpemiddellageret	Fysio: 144, Ergo: 77, Kvardagsrehab: 83	Fysioterapitenesta ca 120, ergoterapi 45, kvardagsrehabiliteringsteamet 65, 7900 hjelpemiddel	Fysio 120, ergo 45, kvardagsrehabilitering 65, hjelpemiddel 7900
Psykisk helseteneste barn og unge	98	50 (1 årsverk)	68
Barnevern og barnevernstiltak	92	84 brukarar, 61 mottekne meldingar, 59 medtiltak i heimen, 5 barn under omsorg, 7 barn i fosterheim .	Tal brukarar 63, tal mottekne meldingar 84, tal hjelpetiltak 48, tal fosterheim 7, tal tilsynsansvar 8
Tildelingskontor	Tal brukarar: 946, tal tenester: 3626, tal e-meldingar: 16585	Tal brukarar: 843, tal tenester: 3099, tal e-meldingar: 13425	Tal brukarar 855, tal tenester 3271, tal elektroniske meldingar 17 000.
Flyktingteneste		64, 13 på introduksjonsprogram	64. 13 på introduksjonsprogrammet

4.4 Oversikt tal årsverk i eining barn, familie og helse

Teneste	2019	2020	2021	Merknad
PPT, logoped	5	3,8	4,3	Reduksjon logoped frå okt-2020
Helsestasjon, jordmor	10,3	10,3	8,5	7,5 er faste stillingar, 2,8 prosjektstilling
Legetenesta	2,58	2,58	2,58	kommunale årsverk
Fysio/ergo/kvardagsrehab	7,6	6,6	6,6	2,6 årsverk kvardagsrehab, 1 årsverk hjelpemiddellager
Psykisk helseteam barn/unge	3	2	2	
Barnevernstenesta	8	7	7	
Frisklivssentralen	0,2	0	0	Kutt frå 1.7-19
Tildelingskontor	4,7	3,7 frå 1.8.2020	3,7	
Flyktingteneste	1,63	1,63, 1 årsverk frå 1.7.2020	1	
Totalt årsverk	42,81	38,18	35,68	Kutt 7,13 stillingar

KOSTRA, Helsetenester, Giske 2020

Nøkkeltal	Enhet	Giske	Kostragruppe 1	Landet utan Oslo	Møre og Romsdal
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggjarar	Årsverk	11,6	11,6	11,8	12,3
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggjarar	Årsverk	6,1	10	9,7	9,5
Avtalte årsverk i helsestasjon- og skulehelsetenesta per 10 000 innbyggjarar	Årsverk	47,3	50,9	45,7	48,5
Andel heimebesøk av helsesjukepleiar til nyfødde	Prosent	92,9	92,3	72,4	89,4
Netto driftsutgifter til kommunehelsetenesta i prosent av kommunens samla netto driftsutgifter	Prosent	5,2	5,3	5,5	5,2

KOSTRA, Barnevern, Giske 2020

Nøkkeltal	Enhet	Giske	Kostragruppe 1	Landet utan Oslo	Møre og Romsdal
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-22 år	kr	4 404	7 859	8 059	6 688
Barn med melding ift. innbyggjar 0-17 år	Prosent	3,8	5,1	5,0	4,6
Prosentandel barn med undersøking ift innbyggjarar 0-17 år	Prosent	3,6	4,9	4,7	4,0
Barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-22 år	Prosent	4,3	4,2	3,8	3,9
Brutto driftsutgifter per barn med undersøking eller tiltak	Kr	45 547	61 017	55 757	57 431
Brutto driftsutgifter per barn som ikkje er plassert av barnevernet	Kr	34 898	36 974	44 053	31 019
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet	Kr	252 647	437 206	431 849	395 577
Barn med undersøking eller tiltak per årsverk	Tal	21,1	18,1	17,5	20,3
Undersøkingar med handsamingstid innan 3 mnd	Prosent	91	88	90	87

4.5 Styringskort og styringsindikatorar

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultatmål 2022
Brukarar	Opplevd god kvalitet barnevernstenesta.	Brukarundersøking. Halde snitt i Noreg innan andel barn med barnevernstiltak, fristbrot i undersøkingssaker.	Ingen fristbrot i saksbehandling. Gjennomføre internkontroll saksbehandling. Tilsette gjennomfører tiltak i kompetanseplan. Gjennomføre Brukarundersøking
	Kapasiteten i fastlegeordninga skal vere tilstrekkeleg til å sikre alle innbyggjarar fastlege gjennom heile 2020.	Det er tilsett fastlegar i alle stillingane.	Full fastlegedekking.
	Betre koordinerte tenester	Utarbeide retningslinjer for gjennomføring av tverrfaglege møte og koordinatorrolla. Delta og følgje opp arbeid i prosjektet "betre tverrfagleg innsats". Felles verktøy for individuell plan og individuell opplæringsplan	Fortsetje prosjekt Betre tverrfagleg samhandling. Følgje opp arbeidet. Tverrfagleg samhandling i eininga og mot andre tenester i kommunen. Utarbeide samhandlingsmodell for kommunen. Rulle ut verktøyet.
	Digitale søknader til omsorgstenestene	Digital søknad er på plass innan 2022.	Utarbeide digitale søknadsskjema i helse og omsorgstenestene. Ta i bruk i 2022.
Medarbeidarar	Oppvekstreforma/barnevernsreforma trer i kraft frå 01.01.2022. Gode system for å fange opp tidlege teikn på skeivutvikling.	Internkontrollsystem som viser korleis vi handler ved bekymring	Vi klarer å møte oppvekstreforma best mogleg med dei tilgjengelege ressursane kommunen har. samarbeid mellom helse, omsorg og oppvekst. Felles arbeidsgruppe.
	Kompetanseutvikling i alle tenester	Kompetanseplan	Gjennomføre tiltak utarbeida i kompetanseplan for eininga.
Økonomi	Sjukefråvær skal ikkje overstige 5 %	Følgje opp fråværs-statistikk, rapportere. Setje i verk nødvendige tiltak. Samarbeid med tilitsvalde og verneombod.	Sjukefråværet skal ikkje overstige 5 %
	Effektivisere drifta i eininga	Utarbeiding av rutinar	Gjennomgang av tenesteleveranse og prioritering av oppgåver
	Digitalisering av tenestene	Digitale verktøy	Vi har tatt i bruk fleire digitale verktøy/hjelpemiddel i bruk i tenesta i staden for individuell oppfølging
	God økonomistyring	Avvik i % av vedtatt netto driftsramme. Alle tenesteområda rapporterer kva månad på status drift og økonomi.	Vi har tatt i bruk fleire digitale verktøy/hjelpemiddel i tenestene i staden for individuell oppfølging. Avvik ≤ 0

